



Til ordfører / formannskap

Ulsteinvik 11.06.2019

## Innkalling til ordinær generalforsamling i Ulstein Fjernvarme AS

Det vert med dette kalla inn til ordinær generalforsamling i Ulstein Fjernvarme AS den 18.06.2019 kl.12:00 i kommunestyresalen – Ulstein rådhus.


Saker til handsaming;

1. Opning ved styreleiar/dagleg leiar.
2. Godkjenning av innkallinga og saksliste.
3. Registrering av aksjonærar med røyserett.
4. Val av møteleiar og ein person til å underteikne protokollen saman med møteleiar.
5. Fastsetting/godkjenning av årsmelding (vedlegg 5. 1), Revisjonsmelding 2018(vedlegg 5. 2), og årsrekneskap for 2018 (vedlegg 5. 3).
6. Val av styre.
7. Fastsetting av godtgjersle til styre og revisor.
8. Kapitaltilførsel

Ein aksjonær som eventuelt ikkje kan stille sjølv kan gje nokon skriftleg fullmakt til å møte i staden.

Ulsteinvik 11.06.2019

For styret i Ulstein Fjernvarme AS



---

Øyvind Amdam

-dagleg leiar-



Utgreiing:

## 6. Val av styre

Innstilling til nytt styre:

Styret:	Status:	Val/ikkje val:	Veljast for/valt for:	År:
<i>Erik Andreassen</i>	<i>Styreleiar</i>	<i>på val</i>	<i>Veljast for eit år</i>	<i>2019 - 2020</i>
<i>Ellen Margrete Skodjevåg Bø</i>	<i>Styremedlem</i>	<i>Ikkje på val</i>	<i>Ikkje på val</i>	<i>2018 - 2020</i>
<i>Linn Urke Osnes</i>	<i>Styremedlem</i>	<i>På val</i>	<i>Ikkje på val</i>	<i>2018 - 2020</i>
<i>Heidi Strand</i>	<i>styremedlem</i>	<i>På val</i>	<i>Valt for to år</i>	<i>2019 - 2021</i>

*Styreperioden er frå generalforsamling til generalforsamling som stort sett er i juni kvart år.*

## 7. Fastsetting av godtgjersle til styret og revisor

Styret i Ulstein Fjernvarme AS har lagt fram slikt forslag:

*7.1 Styregodtgjersle:*

*Honorar styreleiar Kr. 30.000,- pr. år.*

*Honorar styremedlemmer Kr. 20.000,- pr. år.*

Forslaget vart samrøystes vedteken.

*7.2 Revisjonshonorar:*

*Revisors godtgjersle vert godkjent etter rekning.*

Forslaget vart samrøystes vedteken.

## 8. Kapitaltilførsel

Styret ser det nødvendig med styrking av selskapets aksjekapital for å kunne ha vidare utvikling av selskapet. I forhold til opphavleg plan om utbyggingar i perioden 2013 – 2017 skulle det byggast ut tolv energisentralar. I den perioden vart det bygd ut fem av desse. Det er fleire årsakar til at ein ligg bak utviklingskjema, men styret ser det naudsynt å fortsette arbeidet med å realisere aktuelle prosjekt for å få styrka selskapets salsinntekter og vidare utvikling av overordna klimamål.

Styret har gjort slikt vedtak:

- 1) Styret i Ulstein Fjernvarme AS ber eigar, Ulstein kommune, om utvida kapitaltilførsel i form av fri aksjekapital på kroner 8.000.000,-. Midlane skal gå til utbygging av nye energi sentralar (ES 12 og ES 6) og sikre selskapets drift og stabilitet kommande år. Selskapet skal også satse meir på marknadsføring. Styret legger til grunn at det gis støtte frå Enova til prosjekta. Ved eventuell mangel på endeleg utbyggingsavtale i tenkte prosjekt kan midlane omdisponerast til utbygging av annan/andre energisentral(ar). Aksjekapitalen utbetales med kroner 4 millionar innan 2. desember 2019 og resterande kroner 4 millionar innan 31. januar 2020.

Vedlegg: Notat – Fjernvarme Alvehaugen og Vedtak kommunestyret ansvarlig lån og saksframlegg